

BJØRNA FJØRDEN

Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024



Arbeidarpartiet



Senterpartiet

miljøpartiet
dei grøne





Bjørnafjorden kommune

Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Bjørnafjorden kommune	1
Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024	1
Vedtak	4
Budsjett og økonomiplan	5
Bjørnafjorden 22	6
Eingongstilskot covid-19 - fond 14.445.000	6
Driftsbudsjett	7
Fellesområde	8
Folkevalde organ: innsparing 250.000	8
Løns- og prisvekst kyrkja: kostnad 421.000	8
Stab	8
Innsparing administrasjon: innsparing 1.000.000	8
Innsparing offentlege innkjøp: innsparing 1.500.000	9
Ny stilling miljørettleiar: kostnad 500.000	9
Nærversarbeid og sjukefråver	9
Satsing på lærlingar: kostnad 800.000	10
Utvide bemanningssentral	10
Oppvekst	11
Redusert rammenedtrekk: kostnad 500.000	11
Guttas Campus: kostnad 300.000	11
Leksefri skule: kostnad 100.000	11
Satsing på ungdom: kostnad 450.000	12
Ungdomsskulegutar som leikeressurs: kostnad 65.000	12
Felles oversikt over læreressursar	12
Transport gudsteneste: kostnad 100.000	12
Fritidskort: kostnad 800.000	12
Helse og velferd	13
Innsparing administrasjon: innsparing 1.000.000	13
Barnetrygd: kostnad - 400.000	13
Vidareføre viktige stillingar: 2.225.000	13
Gruppetilbod til born	14
Måltal elbilar	14
Bonusløn VTA: kostnad 250.000	14
VTO-plassar	14
Foreldrefadrar i grunnskulen	15
Tilrettelagde tenester ASVO: kostnad 350.000	15
Nye tenester ASVO: kostnad 50.000	15



Lokalisering av heimetenesa i Os	16
Digital opplæring	16
BUA - utlånsentral	16
Samfunnsutvikling	17
Innsparing administrasjon: innsparing 1.000.000	17
Matkultur: kostnad 40.000	17
Hent-meg buss: kostnad 75.000	17
KUP: kostnad 200.000	18
Gjennomgang av tilskotsordninger	18
Parkeringsløyising	18
Tilskot til veterinær: kostnad 150.000	18
RadiOs: kostnad 75.000	19
Skaparstovo: kostnad 50.000	19
Visit Bjørnafjorden: kostnad 100.000	19
Strategi for solenergi	19
Bølgebrytarar	20
Leigejustering båt og bubil: innsparing 150.000	20
Oseana KF	20
Os idrettspark Bjørnafjorden KF	20
Investeringsbudsjett	21
Oppvekst	21
Helse og velferd	22
Kjøkenløyising: kostnad 8.000.000	22
Gravplass Kuventræ og Nore Neset	23
Eikhovdaheimen: kostnad 250.000	23
FBBS ombygging: kostnad 300.000	23
Omsorg+: kostnad 250.000	24
Kriseteam – meistring, samhörighet og håp	24
Bufellesskap Søfteland: innsparing 5.000.000	25
Samfunnsutvikling	25
Fjellheim: kostnad 200.000	25
Samnøy industriområde: kostnad 3.000.000	26
Tunnel Sævareid	26
Veg til Revne: kostnad 1.500.000	26
Andre samferdsleprosjekt	27
Flaumsikring Sævareid og Strandvik: kostnad 2.000.000	27
Flaumsikring Osøyro: kostnad 500.000	27
Lyseparken: kostnad 1.000.000	27
Parkering i fjell og byvekst: kostnad 1.000.000	28
Liv i Bjørnafjorden: kostnad 9.000.000	28
Utviklingsarena for bustad	29
Kuventræ og andre idrettsanlegg	29
Trafikksikring: kostnad 9.000.000	29
Klimabudsjett	30
Avgifter og gebyr	30
Endringsoversikt	31



Korreksjon finanskostnad investering	31
Investering gravplass	31
Leigejustering	31
Skatteanslag	31
Verbalforslag	31
Forslag frå Magne Djuvik, uavhengig: Arbeid og aktivitet	31
Forslag frå Magne Djuvik, uavhengig: Landbruk	32
Forslag frå Magne Djuvik, uavhengig: Hellemyra bufellsskap	32



Vedtak

Bjørnafjorden kommunestyre vedtar kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett i 18 punkt 2021/økonomiplan 2021 – 2024, med følgende endringar i dokumentet. Kommunedirektøren får fullmakt til å oppdatere tal for låneopptak, rammeløyvingar som blir endra av dette dokumentet.

Alle tal er meirforbruk eller mindreforbruk i forhold til kommunedirektøren sine tal.

Ei samanstilling i forhold til Bjørnafjorden 22 er vist i to tabellar. Endring i frie inntekter er inkludert i den første tabellen, inkl. avsetning av 14 445 000 til koronafond.

Perspektiv BF22	2022	2023	BF22
Helse og velferd, kommunedirektør	10 000 000	12 000 000	22 000 000
Helse og velferd, endring	-2 275 000	-5 800 000	-8 075 000
Oppvekst, kommunedirektør	17 000 000	22 000 000	39 000 000
Oppvekst, endring	-2 315 000	-2 150 000	-4 465 000
Samfunnsutvikling, kommunedirektør	8 000 000	10 000 000	18 000 000
Samfunnsutvikling, endring	460 000	1 235 000	1 695 000
Stab, kommunedirektør	5 000 000	6 000 000	11 000 000
Stab, endring	1 200 000	500 000	1 700 000
Fellesområde, endring	-171 000	-171 000	-342 000
Frie inntekter og finans, endring	4 108 000	3 008 000	7 116 000
SUM	41 007 000	46 622 000	87 629 000

Nedtrekk per sektor	2021	2022	BF22
Helse og velferd	7 725 000	6 200 000	13 925 000
Oppvekst	14 685 000	19 850 000	34 535 000
Samfunnsutvikling	8 460 000	11 235 000	19 695 000
Stab	6 200 000	6 500 000	12 700 000
SUM	37 070 000	43 785 000	80 855 000



Budsjett og økonomiplan

Vi visste allereie i 2019 at budsjettet for 2021 ville bli starten på ei rekkje krevjande budsjettår, men til liks med alle andre hadde vi ikkje sett føre oss at 2020 skulle snu opp ned på liva til dei fleste av oss. Vi hadde førebudd oss på strammare tider, men at ein pandemi skulle treffa oss med så store konsekvensar, sjølv i vår fredelege del av verda, var ikkje ein del av planen. 2020 vart annleisåret som alle kjem til å hugse, og mest sannsynleg kjem det til å merkast i fleire år framover.

Kriser krev målretta arbeid og evne til å prioritere det viktigaste. Kanskje har denne merkelege tida gjort det klårare for oss kva som er verdt å ta vare på og kva vi ønskjer å få til. Samstundes gjev endring og tøffe tider rom for kreativitet og betre løysingar. Dette potensialet skal vi nytte til fulle når dei økonomiske rammene vert skrinne dei neste åra.

Medarbeidarane i kommunen har gjort og gjer ein formidabel innsats med å sørge for at vi alle skal få dei tenestene vi er vane med, på ein trygg og forsvarleg måte. Dei er utan tvil kommunens aller største ressurs. Så når pengesekken ikkje lenger er like romsleg, vil medarbeidarane våre i kommunen, i det offentlege, i det private næringslivet og i frivillig arbeid vere essensielle i å sikre utvikling i heile kommunen.

Vi er glade for at vi har ein sterk koalisjon og ein solid plattform. Med utgangspunkt i plattformen skal vi utvikla kommunen i ei klimavenleg og berekraftig retning, slik at vi trygt kan overleve den til framtidige generasjonar.

Vårt fokus er innbyggjarane sitt ve og vel, og at dei skal få leve gode liv uansett kvar dei bur. Med eit godt samarbeid mellom kommune, næringsliv og innbyggjar kan Bjørnafjorden verta eit kraftfullt, attraktivt og nyskapande samfunn med plass til alle. Med det som mål går vi framtida optimistisk i møte.



Bjørnafjorden 22

I vidare arbeid med Bjørnafjorden 22 er det viktig at kommunedirektøren jobbar tettare på det politiske miljøet for å få god forankring for dei vanskelege tiltaka som må til fram mot neste budsjett.

Bjørnafjorden kommune er no eit år gamal og samarbeidspartia meiner kommunen må realisera vinst raskare enn det kommunedirektøren foreslår i sitt budsjettframlegg. Samarbeidspartia aukar ambisjonsnivået på innsparing, dette er omtalt for kvar sektor. Det er viktig å fokusera på å redusere administrativ aktivitet og i størst grad verne tenestene ut mot brukarane.

Eingongstilskot covid-19 - fond 14.445.000

	2021	2022	2023	2024
Eingongstilskot covid-19	20.445.000	0	0	0
Fond covid-19	- 14.445.000	0	0	0

10. november meldte regjeringa at kommunesektoren får ekstra tilskot i 2021 for å kompensere for økonomiske utfordringar i høve pandemien. For Bjørnafjorden ligg det på 20.445.000. Samarbeidspartia meiner det er klokt å setje av storparten på fond for formålet.



Driftsbudsjett

	2021	2022	2023	2024	sektor
Eingongstilskot covid-19	20 445 000	0	0	0	frie inntekter
Fond covid-19	-14 445 000	0	0	0	frie inntekter
Auka skatteanslag	0	6 000 000	6 000 000	6 000 000	frie inntekter
Auka kapitalkostnad	-1 892 000	-2 992 000	-3 212 000	-4 202 000	finans
Folkevalde organ	250 000	250 000	250 000	250 000	fellesområde
Løns- og prisvekst kyrkja	-421 000	-421 000	-421 000	-421 000	fellesområde
Innsparing administrasjon	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	stab
Innsparing innkjøp	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	stab
Stilling miljørettleiar	-500 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	stab
Læringar	-800 000	-800 000	-800 000	-800 000	stab
Rammeauke oppvekst	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000	oppvekst
Guttas Campus	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	oppvekst
Leksefri skule	-100 000	0	0	0	oppvekst
Ungdomskonsulent	-450 000	-450 000	-450 000	-450 000	oppvekst
Leikeressurs	-65 000	0	0	0	oppvekst
Transport gudsteneste	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000	oppvekst
Fritidskort	-800 000	-800 000	-800 000	-800 000	oppvekst
Innsparing administrasjon	1 000 000	0	0	0	helse og velferd
Barnetrygd - sosialhjelp	-400 000	-400 000	-400 000	-400 000	helse og velferd
Tryggleikssjukepleiar	-350 000	-700 000	-700 000	-700 000	helse og velferd
Diagnosespesifikke stillingar	-1 475 000	-2 950 000	-2 950 000	-2 950 000	helse og velferd
Kreftkoordinator	-400 000	-800 000	-800 000	-800 000	helse og velferd
Bonusløn VTA	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000	helse og velferd
Arbeidsleiarstilling ASVO	-350 000	-700 000	-700 000	-700 000	helse og velferd
Utgreiing vaskeri ASVO	-50 000	0	0	0	helse og velferd
Innsparing administrasjon	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	samfunnsutvikling
Matkultur	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000	samfunnsutvikling
Hent-meg-buss	-75 000	0	0	0	samfunnsutvikling
KUP	-200 000	0	0	0	samfunnsutvikling
Veterinærtilskot	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000	samfunnsutvikling
RadiOs	-75 000	-75 000	-75 000	-75 000	samfunnsutvikling
Skaparstovo	-50 000	-50 000	-50 000	0	samfunnsutvikling
Visit Bjørnafjord	-100 000	-100 000	-100 000		samfunnsutvikling
Innsparing tilskot Oseana	0	500 000	1 000 000	1 000 000	samfunnsutvikling
Leige båtplassar	50 000	50 000	50 000	50 000	samfunnsutvikling
Leige bubil/båt	100 000	100 000	100 000	100 000	samfunnsutvikling
SUM	1 007 000	-3 378 000	-2 598 000	-3 438 000	



Fellesområde

Folkevalde organ: innsparing 250.000

2021	2022	2023	2024
250.000	250.000	250.000	250.000

Samarbeidspartia meiner kommunedirektøren sin ambisjon om innsparing i folkevalde organ er viktig. Når kommunen må gjennomføre kutt i alle sektorar skal ikkje politikarane skjermast. Tvert imot aukar vi ambisjonsnivået.

Godtgjerslereglementet i kommunen skal endrast i § 5.1:

- Ordførar si godtgjersle blir redusert til 95% av godtgjersla for stortingsrepresentantar
- Gruppeleiarar får ei fast årleg godtgjersle på 7,6‰ av godtgjersla for ordførar

Konsekvensen av denne endringa er at alle folkevalde i kommunen får reduserte godtgjersler, både for faste honorar og møtegodtgjersler.

Endring i godtgjersler skal iverksettast 01.01.2021.

Partistøtte skal vidareførast som for 2020 med same fordeling ref. reglement.

Løns- og prisvekst kyrkja: kostnad 421.000

2021	2022	2023	2024
- 421.000	- 421.000	- 421.000	- 421.000

Samarbeidspartia vil oppretthalda stønaden på kr 421.000,- som kompensasjon for løns- og prisvekst for Kyrkja i 2021. Resterande 450.000 kr som kyrkja har fått i auka kostnad, dekkar kyrkja sjølv.

Det vert sett av kr 421.000,- i driftsbudsjettet.

Stab

Innsparing administrasjon: innsparing 1.000.000

2021	2022	2023	2024
1.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000

Samarbeidspartia vil effektiviseredrifta på stab med eit mindreforbruk på 1 million kroner.



Innsparing offentlege innkjøp: innsparing 1.500.000

2021	2022	2023	2024
1.500.000	1.500.000	2.000.000	2.000.000

Samarbeidspartia meiner det framleis er mogleg å redusere kostnad til drift ved meir effektive og samordna ordningar for innkjøp i kommunen.

Ny stilling miljørettleiar: kostnad 500.000

2021	2022	2023	2024
- 500.000	- 1.000.000	- 1.000.000	- 1.000.000

Kommunen treng ein fagansvarleg som skal ha som hovudoppgåve å arbeide med klima- og miljø. Stillinga skal bistå alle sektorar og einingar i kommunen og bør vere ein del av den sentrale staben til kommunedirektøren.

Det ligg ei klar forventning frå samarbeidspartia om at miljørettleiararen skal hente inn eksterne omstillingsmidlar til kommunen. Spesielt ser vi at kommunen må bli flinkare å nytte den statlege klimasatsordninga, der vi i lang tid har gått glipp av store tilskot.

Kommunestyret ber også om at kommunedirektøren ser på eit tett samarbeid med klimaetaten i Bergen kommune som vert styrka i 2021 og har meir ressursar og kompetanse enn Bjørnafjorden.

Nærversarbeid og sjukefråver

Formålsparagrafen i arbeidsmiljølova slår fast at ein skal «sikre et arbeidsmiljø som gir grunnlag for en helsefremmende og meningsfylt arbeidssituasjon, som gir full trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkninger, og med en velferdsmessig standard som til enhver tid er i samsvar med den teknologiske og sosiale utvikling i samfunnet [...]». Sjølv om det er kommunedirektøren som utøver den daglege arbeidsgjevaroppgåva, er det kommunestyret som har det overordna arbeidsgjevaransvaret. Samarbeidspartia er medvitne dette ansvaret.

Kommunen er i ein økonomisk situasjon som krev at det må kuttast i drift. Dette kjem i tillegg til at organisasjonen har vore gjennom ein krevjande periode med samanslåing til ny kommune. I sum medfører dette belastningar på tilsette som kan auke risikoen for sjukefråver.

Vi ber kommunedirektøren ha sterkt fokus på personalomsorg og nærversarbeid. Klar, tydeleg og støttande leiing er viktig for å auke nærveret og hindre fråfall frå arbeidslivet. Det same er rett og god opplæring av tilsette på alle nivå i organisasjonen. Tett og god oppfølging av sjukmelde er viktig for å sikre raskast mogeleg retur til arbeid. Lukkast vi med



dette arbeidet, blir det ein vinn-vinn situasjon for både den einskilde tilsette og for organisasjonen som heilheit.

Sjukefråver er inga privatsak. Det kviler eit felles ansvar på tilsette og arbeidsgjevar om å jobba fram gode tiltak som kan hindre at sjukefråver oppstår, og redusere graden av og lengda når fråveret er uunngåeleg. I mange tilfelle kan full sjukemelding unngåast ved tilrettelegging på arbeidsplassen. Vi ber kommunedirektøren sørge for at rett og god tilrettelegging blir gjennomført der dette er naudsynt.

NAV kan gi ulike former for bistand for å redusere sjukefråver, auke nærvær og hindre fråfall frå arbeidslivet. Dette kan mellom anna vere tilskot til ekspertbistand, mentor-ordning, mellombels og varig lønstilskot, funksjonsassistanse og bistand frå Arbeidslivssenteret. Samarbeidspartia ber kommunedirektøren om aktivt å nytte tilboda frå NAV for å styrke nærversarbeidet i kommunen.

Samarbeidspartia vil òg nytta høve til å takke alle tilsette for den fantastiske jobben de gjer kvar einaste dag med å levere gode og trygge tenester til innbyggjarane våre. Vi er stolte av dykk!

Satsing på lærlingar: kostnad 800.000

2021	2022	2023	2024
- 800.000	- 1.000.000	- 1.000.000	- 1.000.000

Etter kvart som folketalet veks vil Bjørnafjorden kommune få eit stadig aukande behov for medarbeidarar med fagbrev innan ei rekkje ulike fagområde. I budsjettet for 2020 sette vi av midlar for å auke talet på lære plassar i kommunen, i tråd med den politiske plattformen vår. Det nasjonale målalet for tal lære plassar per tusen innbyggjarar er auka frå 1 til 2. Det vil seie at Bjørnafjorden kommune må opp i 50 lærlingar for å nå det nasjonale målalet. Kommunedirektøren legg i sitt budsjett opp til 40 lærlingar i 2021. Det er derfor behov for å fortsette satsinga. Vi er overtydde om at fleire lærlingar vil vere lønsamt for kommunen, og bidra til auke tenesteproduksjonen. Som ein offentlig arbeidsgjevar meiner vi òg at kommunen har eit særskilt samfunnsansvar for å tilby lære plassar, slik at ungdom kan få fullført utdanninga si, og få ein trygg og god start på vaksenlivet. Vi set derfor av 800.000 kroner til fleire lære plassar.

- 800.000 kroner til fleire lære plassar
- Lære plassane skal fordelast på fleire fagområde

Utvide bemanningssentral

Med den nye bemanningssentralen får kommunen høve til å redusere bruk av mellombels arbeidskraft, overtid og meirtid. Dette er i tråd med målet om auka bruk av heiltidsstillingar. Når medarbeidarane som skal utføre vikaroppdrag har faste og heile stillingar, vil einingane få større grad av føreseielegheit og auka kvalitet i tenestene. Helse- og omsorgstenestene er dei første som skal nytte tilbodet. Etter erfaring og læring frå oppstart i helse- og omsorg, vil det vere naturleg at oppvekstområdet med skule, SFO og barnehage, får etablert ein eigen vikarpool i Bemanningssentralen.



Oppvekst

Redusert rammenedtrekk: kostnad 500.000

2021	2022	2023	2024
- 500.000	- 500.000	- 500.000	- 500.000

Samarbeidspartia ønsker at skulen skal oppfylle lærarnorma, og vi reduserer derfor kommunedirektøren sitt nedtrekk med 500.000 kroner. I dag er det i gjennomsnitt nok lærarstillingar i kommunen til å oppfylle norma, men fordelinga av lærarar mellom skulane er slik at ein ikkje oppfyller norma på trinn- og skulenivå. Vi ber om at ein framover gjennom Bjørnafjorden 22 søker å flytte ressursar frå administrasjon og skuleleiing til undervisning i klasseromma.

Guttas Campus: kostnad 300.000

2021	2022	2023	2024
- 300.000	- 300.000	- 300.000	- 300.000

Fråfall i skulen er ei utfordring, og rammar gutar i større grad enn jenter. Guttas Campus jobbar over tid med gutar som står i fare for å falle ut av skulen. Gutane får ekstra undervisning i lesing, skriving og rekning, samt styrka sjølvkjensle og karakterbygging. Bjørnafjorden kommune skal kjøpe inntil seks plassar på Guttas campus. Val av kandidatar skal skje i samarbeid med rektorar og rådgjevarar på ungdomsskulane, føresette og elevane sjølve.

Leksefri skule: kostnad 100.000

2021	2022	2023	2024
- 100.000	0	0	0

I den politiske plattformen vår har vi lova utprøving av leksefri skule. Fusa ungdomsskule har alt innført leksefri, til liks med ei rekkje andre skular rundt om i landet. Det er derimot fleire skilnader på kva måte dei enkelte skulane praktiserer leksefri. Nokre skular er heilt leksefrie i alle fag, andre er leksefrie i nokre fag eller på nokre klassetrinn. Andre legg opp til at elevane m.a. skal ha mengdetrening i lesing heime eller ei forventning om å fullføre oppgåver/prosjekt elevane ikkje rakk å gjere ferdig i skuletida. Det er òg ulikt korleis dei leksefrie skulane opprettheld og forsterkar kontakten heim-skule.

Vi ber kommunedirektøren, i tett samarbeid med rektorane og dei tilsette, starte ei forsøksordning med leksefri på fleire skular for skuleåret 2021/22. Vi set av 100.000 kroner til føremålet. Midlane kan brukast til kompetanseheving til skular som ønsker å gjere forsøk med leksefri skule, til frikjøp av personale som jobbar med temaet eller på andre måtar som fører til at kommunen får erfaring med leksefridom i Bjørnafjordskulen.



Satsing på ungdom: kostnad 450.000

2021	2022	2023	2024
- 450.000	- 450.000	- 450.000	- 450.000

For samarbeidspartia er satsing på ungdom ei prioritert oppgåve. Det er viktig for livskvaliteten til ungdomane at dei kan utfalde seg med trygge, gode og rusfrie aktivitetstilbod. Det er frå før ei 40 % stilling som erfaringskonsulent/ungdomsmedarbeidar tilknytt Ung Arena. Vi set av 450.000 kroner til ytterlegare 60 % stilling, og ber om at ressursane blir disponerte til ungdomsarbeid på begge sider av fjorden.

Ungdomsskulegutar som leikeressurs: kostnad 65.000

2021	2022	2023	2024
- 65.000	0	0	0

Samarbeidspartia ønskjer å vidareføre i 2021, ordninga med ungdomsskulegutar som leikeressurs i barnhagen. Tilbodet er for å rekruttere fleire menn til barnehagane på sikt. Partia ber kommunaldirektøren fremje ei sak med evaluering av ordninga til politisk handsaming innan utgangen av september 2021.

Felles oversikt over læreressursar

For å skape likeverdige tjenester for alle borna i kommunen ønskjer vi at det vert utarbeidd ein idebank over ulike verktøy/læreressursar. Dei ulike verktøya må vere enkelt tilgjengeleg for alle i skulen. Ved å ha ei felles oversikt for heile kommunen vil ein kunne effektivisere tenesteproduksjonen, til vinst for både borna og lærarane.

Transport gudsteneste: kostnad 100.000

2021	2022	2023	2024
- 100.000	- 100.000	- 100.000	- 100.000

Samarbeidspartia ønskjer at elevane i Bjørnafjorden skal få høve til å delta på julegudstenester. Dette er for å halde oppe kjennskapen til den kristne kulturarven som landet vårt er tufta på.

Fritidskort: kostnad 800.000

2021	2022	2023	2024
- 800.000	- 800.000	- 800.000	- 800.000

Regjeringa har i sitt budsjettforslag lagt opp til at fleire kommuner skal få vere med i eit forsøksprosjekt om fritidskortet. Samarbeidspartia vil at Bjørnafjorden kommune skal søkje å vere forsøkskommune.



"Fritidskortet skal bidra til å betale deltakeravgiften til organiserte fritidsaktiviteter for barn og unge (fra 6 til 18 år) i kommunen. Gjennom ordningen får forsøkskommunene tildelt 800–1000 kroner per barn per halvår, i tillegg til støtte til administrasjon og utvikling." Vi har lagt inn 800 000 i budsjett for 2021, dette skal vere eigenandel for kommunen.

Om ikkje vi skulle bli forsøkskommune, vil eigenandelen gå over til KUP- midlar.

Helse og velferd

Innsparing administrasjon: innsparing 1.000.000

2021	2022	2023	2024
1.000.000	0	0	0

Samarbeidspartia vil prioritere å effektivisere drifta på administrasjon med eit mindreforbruk på 1 million kroner.

Barnetrygd: kostnad - 400.000

2021	2022	2023	2024
- 400.000	- 400.000	- 400.000	- 400.000

For samarbeidspartia er kampen mot barnefattigdom ei kjerneoppgåve. Sjølv om dei fleste innbyggjarane våre har grei økonomi, er det nokon blant oss som slit vesentleg meir enn andre. Mottakarar av sosialhjelp er den gruppa som har minst å rutte med frå før, og det er dei som treng barnetrygda aller mest. Vi kan derfor ikkje akseptere at barnetrygd skal kome til fråtrekk i berekning av sosialstønad. Vi set av 400.000 kroner til dette.

Vidareføre viktige stillingar: 2.225.000

	2021	2022	2023	2024
tryggleikssjukepleiar	- 350.000	- 700.000	- 700.000	- 700.000
diagnosespesifikke stillingar	- 1.475.000	- 2.950.000	- 2.950.000	- 2.950.000
kreftkoordinator	- 400.000	- 800.000	- 800.000	- 800.000

Samarbeidspartia ønskjer ikkje å legge ned tryggleiks- og spesialsjukepleiarane utan å få vurdert dei langsiktige konsekvensane av eit slikt tiltak, både dei økonomiske og tenestetilbodet for dei som nyttar desse tenestene, særskilt i høve til pandemien som har råka oss. Som kommunedirektøren skriv i sitt budsjettframlegg, jobbar «Pleie og omsorg ut



frå målet at innbyggjarane skal kunna bu i eigen bustad så lenge som mogleg». Og konsekvensen av dette nedtrekket kan føre til det motsette.

Gruppetilbod til born

I samarbeid med Kreftforeninga driv Bjørnafjorden kommune Treffpunkt - ein møteplass for barn 6 til 16 år som har ein i familien som har kreft eller som er død av kreft. Dette er eit svært godt tilbod, som det er viktig at blir vidareført. Det er òg ei lang rekkje andre sjukdomar som kan gripe hardt inn i livet til barn som pårørande. Vi ber kommunedirektøren vurdere om Treffpunkt kan utvidast eller om det kan etablerast eit eige tilbod til barn som er pårørande til nokon med andre sjukdomar enn kreft, både fysiske og psykiske.

Måltal elbilar

Måltal for nyskaffa nullutsleppsbilar i helse og velferd må aukast for å vere i tråd med budsjettvedtak frå 2020: Bjørnafjorden kommunen skal velje elektriske køyretøy dersom det er praktisk mogleg for å løyse dei relevante oppgåvene

Bonusløn VTA: kostnad 250.000

2021	2022	2023	2024
- 250.000	- 250.000	- 250.000	- 250.000

Dei som er tilsette med ein varig tilrettelagt arbeidsplass (VTA) har uføretrygd i botn, og får så ei bonusløn på toppen for arbeidet dei utfører. Det er eit viktig prinsipp at arbeid skal løne seg. Vi set derfor av 250.000 kroner for å vidareføre bonusløn til dei 5 tilsette ved ASVO som har oppfølging frå kommunalt finansierte arbeidsleiar.

VTO-plassar

Kommunen har eit stort samfunnsansvar for å sørge for eit inkluderande arbeidsliv. Det betyr mellom anna at menneske med nedsett arbeidsevne får høve til å jobbe med tilrettelagde arbeidsoppgåver. Ein VTO-plass (Varig Tilrettelagt arbeid i Ordinær verksemd) inneber at kommunen tilbyr tilrettelagde arbeidsoppgåver til ein person som har uføretrygd. Kommunen får eit tilskot frå NAV på i overkant av 70.000 kroner/år, uavhengig av stillingsstorleik. Den tilsette beheld uføretrygda si. Delar av tilskotet betalar kommunen ut igjen som ei bonusløn den tilsette får på toppen av uføretrygda (normalt i storleiken 20-30 kr/time). Dei som har ein VTO-plass får oppleve meistring og alle dei positive effektane av å vere i arbeid. Kommunen kan få utført ei lang rekkje oppgåver som ein normalt ikkje ville funnet rom for å tilsetje noko til å gjere på ordinære lønsvilkår. Vi ber kommunedirektøren om å opprette minst 10 nye VTO-plassar i kommunen. Sidan ordninga har ei inntektsside finn vi det ikkje naudsynt å sette av eigne driftsmidlar til dette.

- Minst 10 nye VTO plassar i kommunen
- Tilsette med VTO-plass skal minimum ha bonusløn i tråd med tariff for VTA-ordninga. Bonuslønna vert finansierte av det statlege tilskotet kommunen får for kvar VTO-plass.



Foreldrefadrar i grunnskulen

Samarbeidspartia ber kommunedirektøren ta initiativ til å opprette ei frivillig ordning der norskspråklege foreldre kan ta på seg ei oppgåve med å vere fadrar for ikkje-norskspråklege foreldre, når begge partar har born i same klasse/ klassetrinn. For nye bjørnafjordingar kan det vere vanskeleg å orientere seg, og forstå all informasjon som kjem gjennom skulen. Kvifor er det viktig å delta på foreldremøte? Kva er FAU? Kva er ein skidag for noko, og kva klede skal borna då ha på seg? Kan mitt barn òg byrje med handball, og kva må eg gjere for å få det til? Vi trur ei frivillig ordning med foreldrefadrar vil bidra til betre integrering, for både borna og foreldra.

Tilrettelagde tenester ASVO: kostnad 350.000

2021	2022	2023	2024
- 350.000	- 700.000	- 700.000	- 700.000

For samarbeidspartia er eit inkluderande arbeidsliv viktig. Varig tilrettelagt arbeid (VTA) er heilt avgjerande for at dei med lågast arbeidsevne skal få oppleve gleda ved å delta i arbeidslivet. Ansvar for VTA-plassar er primært ei statleg oppgåve. Mangelen på VTA-plassar i Bjørnafjorden er derimot prekær, og det er lange ventelister for dei som treng ein tilrettelagt arbeidsplass. Konsekvensen av å trekkje inn stillinga som arbeidsleiar ved ASVO er at 5 personar med psykisk utviklingshemming eller psykiske utfordringar må seiast opp, og ventelistene vil bli endå lenger. Det har òg ei kostnadsside ved at kommunen må gje eit anna tilbod (dagsenter) evt. at livskvaliteten til dei det gjeld blir så forringa at det kan bli ei auke på helsebudsjettet. Vi vidarefører derfor den kommunalt finansierte arbeidsleiarstillinga ved ASVO.

Nye tenester ASVO: kostnad 50.000

2021	2022	2023	2024
- 50.000	0	0	0

Samarbeidspartia vil ha greia ut om kommuna kan nytte Bjørnafjorden ASVO til vaskeriteneste og til andre tenester og sjå om eit slikt samarbeid vil gje innsparing for kommunen i åra som kjem. Vi ber om at det blir fremja ei eiga sak om dette. Mange kommunar er flinke til å finne kommunale oppgåver som kan løysast av arbeidstakarane hos den lokale ASVO til ein pris som gir innsparingar for kommunen. ASVO Bjørnafjorden har foreslått at dei kan levere alle vaskeritenester til kommunen. Forslaget går ut på at ASVO byggjer nytt vaskeri i Eikelandsosen, overtek dei som i dag er tilsette på vaskeriet i Fusa, og kan ta i mot alt skittentøy frå begge sjukeheimane og gjerne anna skittentøy som t.d. arbeidsklede frå andre kommunale einingar. ASVO signaliserer at dei tek heile investeringa under føresetnad om at ein har kontrakt med kommunen om vaskeritenester som strekkjer seg eit stykke fram i tid.



Lokalisering av heimetenesta i Os

Kommunedirektøren har over tid jobba med ny mellombels lokalisering for heimetenesta i Os, fram til ein får etablert ei permanent løysing. Baronsgården, Irisgården og administrasjonsdelen av gamle Lyssandfabrikken er alle vurderte som alternative lokaliseringar for leige. Av desse alternativa vurderer Samarbeidspartia at Lyssandfabrikken er ei god og formålsteneleg lokalisering fram til ei permanent løysing er på plass nokre år fram i tid. Det er viktig at heimetenesta no raskt vert samla under eit tak og at arbeidstilhøva blir betre enn i dag. Vi ber kommunedirektøren iverksette leige av mellombels lokalisering for heimetenesta på Os-sida.

Digital opplæring

Bjørnafjorden har søkt om, og fått 300.000 kroner for å utvikle eit digitalt rettleiingstilbod for våre innbyggjarar. Innovasjon og digitalisering er ei ønskt utvikling i tråd med strategidokumentet for Bjørnafjorden kommune, der vi mellom anna seier at «vi tek i bruk nye arbeidsmetodar og ny teknologi til rett tid». Mange tenester og søknadsskjema er alt digitaliserte i Bjørnafjorden, og fleire vil det bli i åra som kjem. Mykje av kommunikasjonen med innbyggjarane er òg blitt flytta over på digitale plattformer. Dette er naudsynt for å sikre effektiv drift av kommunen, og det er etterspurt av innbyggjarane då det er med på forenkle kvardagen for mange av dei. Samtidig har vi eit ansvar for dei av innbyggjarane våre som ikkje kan eller klarer å ta i bruk nye tekniske løysingar. Samarbeidspartia støttar derfor heilhjarta opp om eit digitalt opplæringstilbod for dei innbyggjarane som treng det.

Døme på kva slik opplæring kan inkludere:

- Bruk av nettbrett, smarttelefon eller datamaskin for å kome på internett
- Lære å bruke e-post
- Lære å logge inn på offentlege tenester som krev bruk av MinID eller BankID.
- Bruk av sentrale kommunale digitale tenester.
- Bruk av sentrale statlege digitale tenester, som NAV og Skatteetaten.
- Rettleiing i bruk av kommunen sin digitale besøksteneste, timebooking på nett, chat

Vi ber administrasjonen rapportere tilbake til Tenesteutvalet på gjennomføring og resultat av den digitale opplæringa og om det er behov for å vidareføre eit slikt tilbod. I den grad det er mogeleg ber vi administrasjonen om òg i framtida å søkje ulike støtteordningar for denne og liknande opplæringstilbod, gjerne i samarbeid med frivillig sektor.

BUA - utlånssentral

I budsjett for 2020 sette vi av 100.000 kroner for etablering og oppstart av BUA, ein gratis utlånssentral for fritidsutstyr. Grunna pandemien har det ikkje lukkast å kome i gang i 2020, men kommunedirektøren har vidareført prosjektet med 400.000 kroner i 2021. Intensjonen vår med å etablere gratis utlånssentral er å bidra til sosial utjamning og ein miljøvenleg delingskultur. Dette er eit svært viktig folkehelseiltak.

Drift av BUA vil òg kunne skape arbeidsplassar. Utlån skal administrerast, og utstyr skal vaskast og vedlikehaldast, og enkle reparasjonar må utførast. Dette kan gje rom for varig tilrettelagde arbeidsplassar, utplassering i arbeid for skuletrøytt ungdom, arbeidstrening gjennom NAV eller språktrening for innvandrarar.



På sikt er målet vårt å utvide BUA til andre områder enn berre fritidsutstyr, som t.d. musikkinstrument, verktøy og hagereiskap. Vi ber kommunedirektøren søkje tilskotsordningar som kan gje støtte til etablering og drift av utstyrssentralar, som Bufdir si nasjonale tilskotsordning for å inkludere barn og unge.

Samfunnsutvikling

Innsparing administrasjon: innsparing 1.000.000

2021	2022	2023	2024
1.000.000	1.000.000	1.000.000	1.000.000

Samarbeidspartia vil effektivisere drifta i administrasjonen på Samfunnsutvikling med eit mindreforbruk på 1 million kroner.

Matkultur: kostnad 40.000

2021	2022	2023	2024
- 40.000	- 40.000	- 40.000	- 40.000

Samarbeidspartia er svært glade for at det er etablert REKO-ring både i Os og Fusa. Dette er gode marknadsplassar for lokale matprodusentar, og det gjer det enkelt for folk å handle kortreist mat. Vi ønskjer å stimulere til meir av dette og liknande tiltak for torghandel og styrka lokal matkultur. Dette er positivt både for klima og folkehelse, og vi set av 40.000 kroner til føremålet.

Hent-meg buss: kostnad 75.000

2021	2022	2023	2024
- 75.000	- 75.000	- 75.000	- 75.000

Samarbeidspartia vil prøve å få til eit pilotforsøk med "hent meg buss". Målet med prosjektet er meir nøgde kundar og betre bruk av kollektivmidla. Det er betre for miljøet om bussen berre køyrer når det trengs, og står i ro når ingen skal reise. Når ein ser på geografien og tettheten med reisande er det lettare å kjøre når folk har kommunikasjonsbehov enn når bussrutene går. Det vil vera mest aktuelt i tidsrommet utanom skule- og arbeidsruter. Dette prosjektet må verei samarbeid med Vestland og Skyss, og dei selskapa som har transportløyve i kommunen vår. Vi ønskjer også at forsøket skal sjå på moglegheitene for å bruka null-utsleppbussar.



KUP: kostnad 200.000

2021	2022	2023	2024
- 200.000	0	0	0

Kulturelt utviklingsprogram (KUP) er viktig for å stimulere til ny og auka aktivitet innan kunst, kultur og kunnskapsformidling, og idrett og friluftsliv. Frivillige legg ned ein formidabel innsats i å skape gode og inkluderande aktivitetar, som kjem oss alle til gode. Dei frivillige bidreg sterkt til å skape det gode liv for alle i Bjørnafjorden. Vi set derfor av 200.000 kroner for å støtte opp om desse gode kreftene. På sikt har vi som mål å auke det årlege tilskotet monaleg.

Gjennomgang av tilskotsordningar

I Bjørnafjorden kommune er det fleire ulike støtteordningar for lag og organisasjonar og enkeltpersonar. Dette er ordningar vi har med oss frå dei gamle kommunane Os og Fusa. I nokre tilfeller gjeld det ordningar med årlege søknadar, som KUP-midlar, og Kulturmidlar som tilskot til dagleg drift av eit lag eller organisasjon. I andre tilfeller ligg enkelte organisasjonar inne med eit fast årleg tilskot på kommunebudsjettet, utan at dei treng søkjeom dette. Desse ordningane har utvikla seg over tid i dei gamle kommunane, utan at det i dag er like lett å sjå kvifor nokre organisasjonar ser ut til å vere favoriserte framfor andre. Samarbeidspartia ber derfor om ei politisk sak til Tenesteutvalet der både dei faste og årlege tilskotsordningane blir gjennomgått og revurdert. Målet er å harmonisere vilkåra for støtte slik at vi skapar mest mogeleg rettferdige og føreseielege rammer for frivillig sektor. Tenesteutvalet bør få sak til handsaming første halvår 2021, sånn at kommunedirektøren kan ta omsyn til eventuelle endringar i tilskotsordningane i budsjett for 2022.

Parkeringsløyising

Av omsyn til handelsstanden i Os sentrum hastar det å få på plass ei betre parkeringsløyising. Gamle Os kommune inngjekk avtale med Sesam Sesam, men dette selskapet gjekk konkurs. Samarbeidspartia meiner det no er på tide å kome vidare med ei parkeringsløyising, og ber om at:

- kommunedirektøren jobbar vidare med ei teknisk parkeringsløyising for Osøyro
- parkeringsløyisinga mogeleggjjer differensiert betaling etter kor lang tid ein parkerer
- parkeringsløyisinga mogeleggjjer eigne ordningar for fastbuande i sentrumsområdet

Tilskot til veterinær: kostnad 150.000

2021	2022	2023	2024
- 150.000	- 150.000	- 150.000	- 150.000

Der ser ut til å vere ulik organisering av driftstilskot til veterinærteneste, produksjonsdyr landbruk, på dagtid i Bjørnafjorden kommune. Veterinærane som er tilknytt gamle Fusa har fått utbetalt driftstilskot, men det er ikkje utbetalt driftstilskot på Ossida. Med det som bakgrunn, ber samarbeidspartia om at driftstilskotet for dette arbeidet på dagtid blir justert slik at ein på begge sider av fjorden får tilnærma lik tilskot. Det må setjast som vilkår for utbetalinga av driftstilskot at veterinærane deltek i vaktordninga for kveld/helg i dei



vaktdistrikta som dekkjer Bjørnafjorden. Det er viktig at vi i Bjørnafjorden kommune stettar kravet i dyrehelsepersonellova 3 a , og soleis sikrar god dyrevelferd. Ei velfungerande veterinærtjeneste vil også vere positivt for rekrutteringa til landbruket i kommunen. Det vert sett av kr 150.000,- til justering av ulikskapen mellom tenestene.

RadiOs: kostnad 75.000

2021	2022	2023	2024
- 75.000	- 75.000	- 75.000	- 75.000

RadiOs går i år inn i sitt 31. år og er ein institusjon i bygdene kring Bjørnafjorden. Tryggleik og riktig, lett tilgjengeleg informasjon er særst viktig når ei «krise» råkar. Alle har minst ein radio, og dei aller fleste nye DAB-apparatar har og FM-radio. Det er framleis ein andel av innbyggjarane som ikkje har kjennskap og /eller høve til å leite fram naudsynt informasjon på ei datamaskin.

Samarbeidspartia ønskjer å vidareføre tilskotet til RadiOs. Vi ser at RadiOs framleis er ein viktig faktor i beredskapsarbeidet i Bjørnafjorden kommune Det vert sett av kr 75.000,- årleg i perioden.

Skaparstovo: kostnad 50.000

2021	2022	2023	2024
- 50.000	- 50.000	- 50.000	0

Den kreative aktiviteten som stiftinga Skaparstovo har vist at dei kan skape med små midlar er imponerende. Skaparstovo er ein kollektiv verkstad (folkeverkstad/makerspace) der bedrifter, gründarar, skular, hobbyiskaparar og kreative kan få tilgang til avanserte maskiner, kurs og verktøy. Stønaden frå kommunen blir vidareført som eit bidrag i oppstartsfasen.

Visit Bjørnafjorden: kostnad 100.000

2021	2022	2023	2024
- 100.000	- 100.000	- 100.000	0

For å sikre framdrift i eit langsiktig prosjekt for å vidareutvikle aktivitet i kommunen er det naudsynt å setje av pengar til kontinuerleg arbeid. Stønaden er ei investering i nye tilbod og arbeidsplassar.

Med halvering av reisetida til Flesland og Bergen har ein høve til å byggje ein attraktiv destinasjon. Det må jobbast systematisk med produktutvikling, både hos eksisterande og nye aktørar.

Strategi for solenergi

Det skal utarbeidast ein strategi for korleis flest mogleg av dei kommunale bygga kan nytte solenergi. Det gjev innsparing på klimagassutslepp og økonomisk innsparing på lang sikt.



Nye kommunale bygg skal planleggast for å nytte solenergi, det gjeld til dømes bufellesskap på Søfteland og Jettegryto barnehage.

Bølgebrytarar

Bølgebrytarane er eit svært kostbart tiltak for kommunen med 750.000 kroner berre i vedlikehald og forsikring kvart år. I tillegg til dette kjem finanskostnadene og i sum er det tungt for økonomien til ein kommune som må gjennomføra store kutt i primærtenestene. Kommunedirektøren skal utgreia kva for alternativ kommunen har for å få ned årlege driftskostnader.

Leigejustering båt og bubil: innsparing 150.000

	2021	2022	2023	2024
Justering båtplass Oselvo	50.000	50.000	50.000	50.000
Justering bubil/fritidsbåt	100.000	100.000	100.000	100.000

Satsen for leige av båtplass i Oselvo, samt satsar for bubil og fritidsbåtar i Osøyro og Eikelandsosen vert justert opp i tråd med prisnivået i andre tettstader.

Ny sats båtplass: 10.000

Ny sats leige bubil/fritidsbåt: 200

Oseana KF

2021	2022	2023	2024
0	500.000	1.000.000	1.000.000

Os kommune har gjennom mange år overført driftstilskot til Oseana. Ved fleire høve har det vore presisert politisk at ambisjonen er å få til ei drift som står meir på egne bein. Dei kommunale overføringane blir reduserte i økonomiplanperioden.

Samtidig er det klart at vi er i ei spesiell tid no der Oseana sine tenester ikkje kan nyttast av publikum. Dersom pandemien legg vesentlege begrensningar på Oseana si inntening i 2021, vil vi i budsjett 2022 vurdere nedtrekk på nytt.

Os idrettspark Bjørnafjorden KF

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å utgreie om det kan vere hensiktsmessig å gå bort frå foretaksstruktur og overføre tenesteproduksjonen inn i den ordinære kommuneadministrasjonen. Arbeidet bør sjåast i samheng med Bjørnafjorden 22. Utgreiinga bør ikkje sjå utelukkande på økonomi, men sjå på idrett for heile kommunen som heilskap og korleis vi kan få best mogleg tenester til innbyggjarane.



Investeringsbudsjett

	2021	2022	2023	2024
Kjøkenløysing	8 000 000	9 000 000	0	0
Fjellheim	200 000	0	0	0
Samnøy	3 000 000	0	0	0
Veg Revne	1 500 000	0	0	0
Omsorg+	250 000	0	0	0
Eikhovdaheimen	250 000	0	0	0
Flaumsikring Sævareid og Strandvik	2 000 000	4 000 000	0	0
Flaumsikring Osøyro	500 000	4 000 000	0	0
FBBS	300 000	0	0	0
Bufellesskap Søfteland	- 5 000 000	0	0	0
Lyseparken	1 000 000	0	0	0
Parkering i fjell	1 000 000	0	0	0
Gravplass Nore Neset	0	-15 000 000	-14 000 000	0
Minnelund Kuventræ + Nore Neset	3 400 000	0	0	0
Trafikksikring	9 000 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000
Liv i Bjørnafjorden	9 000 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000
SUM	34 400 000	20 000 000	4 000 000	18 000 000

Oppvekst

Samarbeidspartia ønsker å etablere biblioteket sentralt på Osøyro, gjerne med tilhørende fasilitetar som konditori/kafé.

Eit bibliotek sentralt på Osøyro vil gje kommunesenteret ein ny dimensjon. Biblioteket vil også fungere som sosial møtestad. Der kan det vere fleire aktivitetar som utfyller kvarandre. Til dømes forfattarbesøk, debattar, handarbeid, lesestund eller ulike kurs for ulike



målgrupper. Biblioteket vil vere ein samlande arena for store og små. Eit sosialt samlingspunkt for Bjørnafjorden kommune.

Administrasjonen får i oppdrag å sjå på eigna lokalitetar og avklara dagens leigeforhold.

Helse og velferd

Kjøkenløysing: kostnad 8.000.000

2021	2022	2023	2024
- 8.000.000	- 9.000.000	0	0

I tråd med bestilling frå kommunestyret har arbeidsgrupper i kommunen jobba med ulike modellar for produksjon av middagar til heimebuande, dagsenter og sjukeheimane våre, inkludert korleis vi organiserer slutttilbereding av middagar og andre måltid i sjukeheimane. Målet er å gje gode måltidsopplevingar, matglede og større valfridom for alle brukargrupper. Arbeidsgruppa har levert frå seg ei grundig utgreiing, der fem ulike modellar er omtala, og tre hovudmodellar er grundigare utgreidd. Modell 1 skil seg ut som vesentleg betre enn dei andre. Denne inkluderer eit felles produksjonskjøken ved Fusa bu- og behandlingssenter for heile kommunen, og å innføre mottakskjøken ved begge sjukeheimane. Denne løysinga medfører at 5,8 årsverk innan pleie- og omsorg blir frigjort frå matfagleg arbeid ved postkjøkena, slik at helsepersonellet kan bruke tida si på det dei er utdanna til; pleie- og omsorgsoppgåver. I Modell 1 vil det vere matfagleg personale som skal stå for matlaginga, både av varm- og kaldmat. Det trengs 3,72 nye årsverk til dette.

I sum vil modell 1 medføre høgare og jamnare kvalitet på serverte måltid. Fridomen til å velje meny og spisetider er svært god. Samarbeid med ernæringsfysiolog er enklast å få til, og matsvinn blir monaleg redusert. I tillegg er denne løysinga best rigga for ei framtidig vekst i folketal og pleietrengjande. Modell 1 krev ei investering i bygg og utstyr på om lag 17 millionar kroner, og auka driftskostnader på 846.000 kroner, inkludert finanskostnaden på investeringa.

Samarbeidspartia vil takka arbeidsgruppa, og andre involverte tilsette, som har gjort eit formidabelt arbeid. Resultatet er vesentleg betre enn vi våga håpe på då vi bestilte utgreiinga. God matomsorg er viktig for å førebyggje og behandle feil- og underernæring, og sikre god livskvalitet. I eit folkehelseperspektiv er dette særskild viktig. Samarbeidspartia ber derfor om at:

- Kommunedirektøren jobbar vidare med Modell 1 med planlagt drift frå 1. juni 2022
- Noverande avtale med Matvarehuset AS blir ikkje fornya når den går ut 31.mai 2022
- Det blir nytta lærlingar ved produksjonskjøkenet og/eller mottakskjøkena
- Vi set av 8 millionar kroner til investering i 2021, og ytterlegare 9 millionar kroner i 2022
- Auka driftskostnader skal takast inn i budsjett 2022.



Gravplass Kuventræ og Nore Neset

Samarbeidspartia ønskjer å sjå nærare på om utvidinga av Nore Neset gravplass er det rette valet for å møte kommunens framtidige behov for auka gravplasskapasitet. Difor utset ein ei eventuell utviding til seinare i 2020-åra. I forslag til budsjett var det satt av kr 15 mill i 2022 og 14 mill i 2023. Desse blir teke ut av investeringsplanen.

Kommunedirektøren får i oppdrag å nytta ledig areal på Kuventræ gravplass til urnegraver. Det vert sett av 3 mill til å rusta opp til urnegraver og ei namna minnelund. Til Nore Neset gravplass vert det sett av 400 000 kr til ei namna minnelund.

Kommunedirektøren får i tillegg oppdrag til å vurdera andre egna området for gravplassar enn utviding av Nore Neset gravplass. Sak om alternative gravplasser skal leggst fram for PBU innan 1.10.2021.

	2021	2022	2023	2024
Urnegraver / namna minnelund Kuventræ	- 3.000.000	0	0	0
Namna minnelund Nore Neset	- 400.000	0	0	0
Utsetjing Nore Neset 2027/2028	0	15.000.000	14.000.000	0

Eikhovdaheimen: kostnad 250.000

	2021	2022	2023	2024
- 250.000		0	0	0

2 minuttar frå ferjekaia på Venjaneset ligg vakre Eikhovdaheimen. Eikhovdaheimen vart bygd av Sanitetsforeningane på Fusa-halvøya midt på 1980 talet. Rundt Eikhovdaheimen er det god plass, fin utsikt og kort veg til butikk, frisør osv. Vi ønskjer no å setje i gang eit forprosjekt for å kartlegge korleis vidare utvikling av Eikhovdaheimen best kan gjennomførast.

FBBS ombygging: kostnad 300.000

	2021	2022	2023	2024
- 300.000		0	0	0

Det er no frigjort eit stort lokale i tilknytning FBBS der legekantoret tidlegare var. Samarbeidspartia ønskjer no eit forprosjekt for å sjå på om dette arealet kan nyttast som sjukeheimsplassar eller omsorgsbustader. Det vert sett av 300 000 kr til utreiinga.



Omsorg+: kostnad 250.000

2021	2022	2023	2024
- 250.000	0	0	0

Dei fleste eldre ønskjer å bu heime så lenge som mogeleg. Dette er òg eit mål for kommunen. «Omsorgstrappo» er ein modell for kor mykje eller lite hjelp ein person treng for å klare seg sjølv. På det lågaste trinnet er enklare tenester innan førebygging og helsefremming tilstrekkeleg for at ein person framleis kan bu i eigen heim. Det siste trinnet i trappa er heildøgnsstenester i institusjon eller omsorgsbustad, og då gjerne livet ut.

I hovudsak har Bjørnafjorden eit godt tilbod på dei ulike trinna i omsorgstrappo, men på nokre områder er moglegheitene og potensiala ikkje fullt utnytta endå. Det kan til dømes vere eldre som i nokon grad klarar seg sjølv, men som samtidig opplever at det er utrygt, upraktisk eller einsamt å bu heime. Det kan òg vere eldre som treng lengre tid til rehabilitering etter sjukdom, eller sjukehusopphald, enn det som er mogeleg å dekkje gjennom kortidsopphald på sjukeheim. Enkelt sagt er dette ei gruppe eldre som er for sjuke til å bu heime aleine, og samtidig for friske til heildøgnsomsorg i institusjon. Fleire kommunar, mellom anna Oslo og Bergen, har løyst denne utfordringa ved å tilby såkalla Omsorg+ bustadar/tilbod.

Omsorg+ er tilpassa leilegheiter der det gjerne er fellesrom med aktivitetar og mogelegheit for sosialt fellesskap. Normalt vil det også vere tilbod om middagsservering.

Samarbeidspartia ber om at det blir utgreidd ulike modellar for tilbod om Omsorg+ bustadar. Som eit minimum skal det utgreiast to ulike modellar, der kommunen i den eine modellen sjølv investerer i utbygging av Omsorg+ bustadar, og bebruarane blir leigetakarar hos kommunen. I den andre modellen står ein privat aktør for utbygging og bebruarane blir leigetakar hos den private aktøren. I begge modellane skal kommunen levere dei naudsynte tenestene til bebruarane. Vi set av 250.000 kroner til utgreiing.

Kriseteam – meistring, samhörighet og håp

Bjørnafjorden kommune sitt kriseteam gir støtte og oppfølging til personar som har akutt behov for hjelp i samband med uventa dødsfall, kriser og ulykker. Det psykososiale arbeidet er ein sentral del av kommunen sitt tilbod for å førebygge og avhjelpa allereie oppståtte traume. Det å tilby hjelpa tidleg etter ei krise eller katastrofe, samt å bidra til god kontinuitet i oppfølginga, er avgjerande for å yte god og rett hjelp i kriser. Kriseteamet er sentralt for korleis personar og familiar kjem gjennom ei krise.

Samarbeidspartia ønskjer politisk merksemd på dette viktige arbeidet, og ber om å få lagt fram ei sak til politisk nivå som tek opp i seg korleis kriseteamet i Bjørnafjorden kommune arbeider og fungerer. Her meiner samarbeidspartia det er viktig med brukarmedverknad i samband ei kort evaluering av tenesta.



Bufellesskap Sjøfteland: innsparing 5.000.000

2021	2022	2023	2024
5.000.000	0	0	0

Nytt bufellesskap med 7 bueiningar er planlagt på Sjøfteland som erstatning for tidlegare planlagt bufellesskap med 6 bueiningar i gamle sjukeheimen. Samarbeidspartia er svært nøgde med at det ikkje vert bygd ny bufellesskap som ber preg av institusjon då det hadde brote med overordna føringar.

Av same årsak reduserer vi det planlagde bufellesskapet frå 7 til maks 6 bueiningar. Forsking syner at bufellesskap med 6 eller færre einingar gjev betre kvalitet for bebuarane og betre fagleg støtte til personalet. Små bufellesskap er betre rusta til å handtere uforusette hendingar, og til å få personalressursane til å strekkje til.

Når det skal byggjast nytt bufellesskap meiner vi det bør planleggjast med moderne og klimavenlege løysingar. Vi ber derfor kommunedirektøren vurdere om ein kan nytte ulike former for solenergi, jordvarme, og om bufellesskapet evt. kan byggast som passivhus eller plussbus.

Vi ber om at:

- Bufellesskapet blir redusert frå 7 til maks 6 bueiningar
- Investeringsramma blir redusert med 5 millionar som ein konsekvens av redusert storleik
- Val av tomt vert vurdert på nytt i høve storleiken på bufellesskapet
- Prinsippa om normalisering og integrering skal bli tatt omsyn til ved lokalisering og planlegging, og bueiningane skal ikkje ha institusjonsliknande preg
- Utforming av bygget og plassering på tomt gjer det mogeleg å nytte klimavenlege energiløysingar
- Tomta må være stor nok til etablering av gode og funksjonelle uteområde, som stimulerer til aktivitet for bebuarane. Dette kan t.d vere kjøkenhage, frukttre og bærbuskar.

Samfunnsutvikling

Realisering av Baronsgården er eit viktig prosjekt for å skape aktivitet og meir handel på Osøyro. Kommunedirektøren skal ha fullmakt til å inngå avtalar kor ein ser på leige av areal til ulike tenester/aktivitetar. Midlar avsett til dette frå 2022 skal vidareførast.

Fjellheim: kostnad 200.000

2021	2022	2023	2024
- 200.000	0	0	0



Kommunedirektøren skal sikre at forfallet i Fjellheim vert stoppa ved å sikre oppvarming og dei mest utsette veggane og vindauga på bygget.

Vidare skal ein kartlegge mogleg bruk og varig drift av bygget. Det er mange moglege aktørar og tenester som kan gjere god bruk av bygget sjølv om ein ikkje siktar på Oseana-standard.

Samnøy industriområde: kostnad 3.000.000

2021	2022	2023	2024
- 3.000.000	0	0	0

Samarbeidspartia set av 3 millionar kroner til vidare arbeid med realisering av Samnøy Industriområde. Dette område vil gje stor vekst og utvikling for heile regionen. Det er avgjerande at vi har god tilrettelegging av industriområdet.

Det er løyvt 23 mill kroner til tømmerkai. Arbeidet med infrastruktur og utbygging av området må vere godt i gang i løpet av våren 2021 for at AT Skog kan behalde statstilskotet. Det hastar difor med å koma i mål med planprosess og realisering.

Tunnel Sævareid

Det har tidlegare vore utført eit forprosjekt for vegsamband Fv 121/Fv 48 - tunnel frå Sævareid til Eikelandssosen. Føremålet var å leggja grunnlag for oppstart av formell planprosess, kommunedelplan. Denne vegløysinga utløyser ei tryggare samankopling for innbyggjarar og næringsliv opp mot hovudvegnettet. Slik sikrar ein god intern kommunikasjon i Bjørnafjorden kommune på Fusasida og i regionen. Det vil føre til ei innsparing i reisetid på ca 15 min. Ein vil då unngå trafikkutfordringar i Drageide/Bjørndalsåsen. Det vil også styrke busettinga og utvikling av arbeidsplassar i regionen.

Samarbeidspartia ber om at dette forprosjektet vert grundig presentert politisk, slik at ein kan setja i gang med vidare arbeid.

Veg til Revne: kostnad 1.500.000

2021	2022	2023	2024
- 1.500.000	0	0	0

På Revnestrand er det laga ny skogsbilveg. Potensialet til skogsdrifta vert dessverre ikkje teke fullt ut fordi vegen frå hovedvegen på Haugarneset til start på skogsbilvegen ved Rusås er for dårleg til å transportera ut tømmer på. Utbetring av vegen, ca 400 meter, utløyser stor verdiskaping i regionen. Dette har også tidlegare vore i investeringsplanen i Fusa kommune utan å verte realisert.



Andre samferdsleprosjekt

Det må jobbast vidare med mål om at ny veg Drange-Hildershavn og Søfteland-Lyseparken kan realiserast.

Flaumsikring Sævareid og Strandvik: kostnad 2.000.000

2021	2022	2023	2024
- 2.000.000	- 4.000.000	0	0

I forbindelse med reguleringsplan utarbeidd til parken i Strandvik vart det laga ein flaumplan. Det er også laga ROSanalyse. Elva er no sikra på sida mot butikken. For å sikre elveløpet vidare og unngå utgraving og andre konsekvensar av flaum må ein starte arbeidet med sikringa av elva vidare.

Flaumsikring av Haugelva i Sævareid er ei sak som det har vore arbeidd med gjennom tid i Fusa kommune. Det er utarbeidd planar og rapportar frå fleire, mellom anna NVE og Multiconsult, flaumsonekartlegging osv. Det er viktig at vi sikrar vidare framgang i prosjektet, slik at ein får sikra Sævareid frå flaum.

Flaumsikring Osøyro: kostnad 500.000

2021	2022	2023	2024
- 500.000	- 4.000.000	0	0

Samarbeidspartia ønskjer at kommunedirektøren prioriterer og arbeider vidare med ein plan og eventuelle tiltak i samband med flaumsikring langs Oselva i Os sentrum. Dette er førebyggjande arbeid for å redusere skadeomfanget av flaum på Osøyro. Ein flaum i Os sentrum vil kunne medføre store kostnader, jfr. risiko og sårbarhetsanalysen til Os kommune. Saken om flaumsikring skal leggjast fram for politisk handsaming innan september 2021. Det vert sett av 500.000,- kr i investeringsbudsjettet til planlegging og eventuelle tiltak i 2021 og 4 millionar i 2022.

Lyseparken: kostnad 1.000.000

2021	2022	2023	2024
- 1.000.000	0	0	0

Utvikling av Lyseparken er truleg det viktigaste prosjektet for Bjørnafjorden dei neste 20 åra. Ferdig utbygd vil det bli tusenvis av nye industri- og kompetansearbeidsplassar her. Lyseparken skal utviklast som eit klimavennleg og berekraftig næringsområde med fokus på bruk av lokale energiressursar og eit framtidsretta energisystem. Arbeidet med sjølve Lyseparken kan først starte når ny E39 til Bergen opnar i 2022. Det er viktig med vidare framdrift for å sikre at realiseringa av Lyseparken kan starte så snart som mogeleg etter at



E39 er opna. Vi set av 1 million kroner til føremålet. Det er viktig å ha framdrift på regulering av gang- og sykkelveg som ligg til grunn for vidare utvikling av Lyseparken

Parkering i fjell og byvekst: kostnad 1.000.000

2021	2022	2023	2024
- 1.000.000	0	0	0

Det ståande vedtaket om at regulering av parkering i fjell skal ha høg prioritet for å sikre framtidig parkering og sentrumsutvikling. Det må sjåast i samanheng med heile sentrumsutviklinga slik at ein ikkje berre ser på kundar til sentrum, men får knytt saman ein framtidig kollektivterminal med pendlarparkering, tilknytning til hamna og miljøvenlege hurtigbåtar i Bjørnafjordbassenget, og nytte for hotelltomta og Oseana.

Byvekstavtalen er signert av alle partar, og det er viktig å få framdrift på prosjekt som kan løyse ut midlar til god utvikling av kommunen.

Liv i Bjørnafjorden: kostnad 9.000.000

2021	2022	2023	2024
- 9.000.000	- 9.000.000	- 9.000.000	- 9.000.000

Det er eit mål for samarbeidspartia at kommunen skal vera ein attraktiv stad å bu og å driva næring. Det er viktig at vi klarar å skapa utvikling i heile kommune, slik at alle bygdene, små og store får merksemd og utvikling. Liv i Bjørnafjorden prosjektet skal bidra til nettopp dette. Prosjektet skal vera ein pådrivar for utvikling både i bygdene, kommunedelsenter Eikelandsosen og i regionsenter Osøyro.

Det er viktig å jobbe med elektrifisering av båttrafikken og etablering av ny kollektivterminal på Osøyro.

Vi ynskjer å styrka samarbeidet med bygdeutval, velforeningar, idrettslag og andre delar av frivilligheita. Vi skal ha god dialog med næringsaktørar, grunneigarar, utbyggjar, slik at ein kan sikre spleiselag der det er relevant.

Liv i Bjørnafjorden handlar både om næringsutvikling og om gode kvardagsliv for alle. Vi skal ha med oss folkehelseperspektivet i alle prosjekt. Lett tilgang til gratis rekreasjon er nødvendig, og turveggar er viktige tiltak for at fleire skal kome seg ut og i aktivitet. Parkeringsmoglegheiter rundt tuområda våre er viktig.

For å sikre framdrift på prosjekta som skal gjera Bjørnafjorden enno meir attraktivt for både folk og næringsdrivande, aukar vi kommunedirektøren sitt budsjett til Liv i Bjørnafjorden til 12 millionar årleg, kvart år i økonomiplanen.



Utviklingsarena for bustad

Samarbeidspartia ber kommunedirektøren arrangere inntil 2 møtepunkt årleg som samarbeidsarena mellom administrativt nivå, politisk nivå og næringsaktørar innan plan, bygg og utvikling. Intensjonen er å betre samarbeidet mellom desse aktørane i Bjørnafjorden kommune.

Plan- bygg og miljøutvalet har ansvar for gjennomføring.

Kuventræ og andre idrettsanlegg

Samarbeidspartia ber om at kommunedirektøren fremjar ei sak til politisk nivå som inneheld status og plan for justering av manglar/reklamasjonar i samband med ferdigstilling av friidrettsanlegg på Kuventræ. Hovudmålet er å få friidrettsdelen av Kuventræ Idrettspark opp på internasjonalt nivå.

Særleg hoppkapasitet og logistikken rundt dette bør opp på eit akseptabelt nivå. Ein er også kjent med at grunnforholda i løpebanen er for dårlege. I tillegg bør ein mellom anna laga et utkast for spyd mot vest/sør. Dette ønskjer samarbeidspartia sjå nærare på ved handsaminga av budsjettet for 2022.

Saka skal vere lagt fram for politisk nivå innan september 2022.

Fleire idrettsanlegg er under planlegging i Bjørnafjorden. Idrettslaga på Søfteland, Lysefjorden, Strandvik og Søre Neset jobbar alle med ulike anleggsprosjekt. Samarbeidspartia støttar at det blir jobba vidare med planane, men finn ikkje rom for å setje av investeringsmidlar til desse i noverande fase.

Trafikksikring: kostnad 9.000.000

2021	2022	2023	2024
- 9.000.000	- 9.000.000	- 9.000.000	- 9.000.000

I budsjettet for 2020 vart det vedteke at kommunen skal bli godkjent trafikksikker kommune, og samarbeidspartia tredobla samtidig satsinga på trafikksikring. I budsjettet for 2021 vert dette auka med 9 millionar.

Gjennom oppstartsarbeidet i trafikksikringsutvalet er det dokumentert eit massivt etterslep på trafikksikringstiltak som det er naudsynt å bruka ressursar på å hente inn.

Prioritering av arbeidet ligg til trafikksikringsutvalet, men samarbeidspartia vil presisere at det er utruleg viktig å sikre våre mjuke trafikantar, spesielt skuleborna. Det er viktig at trafikksikringsutvalet i det vidare arbeidet sikrar at gamle prosjekt frå Fusa, til dømes tiltak på Rød, rassikring Samnøy og vegstrekket Gjerdevik-Fusa kjem inn i prioriteringslista. Trafikksikringstiltak Baldersheim skule og snuplass for buss er høgt prioritert. Gang- og sykkelveg langs Hatvikvegen er også høgt prioritert.



Kommunen må vidare jobbe med overordna mynde for å sikra gode løysingar som spleiselag og forskottering sidan mange av tiltaka ligg i tilknytting til fylkesveg og riksveg.

Klimabudsjett

Bjørnafjorden kommune skal ta sitt ansvar for måla i Parisavtalen, og sikre livsgrunnlaget til framtidige generasjonar med krav til nullutslepp innan 2030. Kommunen skal følge opp arbeidet med klima-, energi- og miljøplan, og nytte klimabudsjett og klimarekneskap for å sikre målbar framdrift.

Som klimapartner har kommunen fått betre kontroll på måling av klimagassutslepp, og kommunen er no på god vei til å ha ein nyttig klimarekneskap. Men realiteten er at kommunen ikkje har noko klimabudsjett. I neste budsjetttrunde skal sektorvis reduksjon i utslepp av klimagassar vere ein del av budsjettarbeidet. Ambisjonsnivået er tydeleg og kommunen må arbeide målretta og konkret.

Avgifter og gebyr

Samarbeidspartia ønskjer å rette merksemd på dei kommunale avgiftene. Etter samanslåing av dei to kommunane er partia usikre på om harmoniseringa av dei kommunale avgiftene ligg på rett nivå. Vi ønskjer å sjå nærare på området for avgiftsbudsjettet i Bjørnafjorden kommune. Kvaliteten på teneste skal ikkje reduserast. Prinsippet om sjølvkost vert lagt til grunn.

Kommunedirektøren vert beden om å gjennomgå avgiftsbudsjettporteføljen, område for område. Dette for å vurdere å effektivisere/justere sakshandsaminga og oppgåvene på det kommunale sjølvkostområdet i Bjørnafjorden kommune. Formålet er å redusere nivået på nokre av avgiftene i kommunen i 2022.

Kommunedirektøren skal rapportere jamleg utover 2021 til formannskapet. Rapporteringa skal vere på potencialet for å endre/justere/effektivisere dei ulike sjølvkostområda kommunedirektøren går igjennom i løpet av 2021.

I tillegg til formannskapet, skal dei ulike rapporteringane også leggjast fram for Tenesteutvalet og Plan-bygg og miljøutvalet til orientering. Dette gjeld berre innanfor saksområdet til dei ulike utvala sine respektive tenesteområde.

Alt, gjerne i delrapporteringar, skal vere ferdig evaluert og lagt fram for formannskapet innan 1.11.2021.



Endringsoversikt

Økonomiske endringar er innbakt i dokumentet, men for å sikra eit oversiktleg budsjett beskriver vi dei viktigaste justeringane her. I tillegg er det tatt inn nokre verbalforslag.

Korreksjon finanskostnad investering

Ved ein inkurie var ikkje finanskostnad komplett overført frå investeringsbudsjettet til driftsbudsjettet i heile økonomiplanperioden. Dette er no korrigert.

Investering gravplass

Ved å gjera mindre tiltak på Nore Neset gravplass og Kuventræ gravplass kan ein utsetje den store utvidingsinvesteringa på Nore Neset. Det er brei politisk semje om at dette er ei klok endring.

Leigejustering

Samarbeidspartia ser nytten av å justere leige for båtplass og satsar for bubil og fritidsbåtar.

Skatteanslag

Samarbeidspartia hadde i høyringsutkastet estimert seks millionar kroner i auka skatteanslag for 2021. Dette er no justert ned til null.

Verbalforslag

Samarbeidspartia vil støtte og innarbeida følgande verbalforslag i budsjettet for 2021.

Forslag frå Magne Djuvik, uavhengig: Arbeid og aktivitet

Det at folk er i arbeid er det beste tiltaket ein har for å førebyggja fattigdom / barnefattigdom. Det er derfor viktig at dei som treng hjelp for å finna ein jobb får den hjelpa. Kommunedirektøren vert beden om å laga sak på:

- a. eit system med måltal på kor mange som kjem i ordinært arbeid, kor mange som er i statlege tiltak og kvalifiseringsprogrammet. Rapportering på måloppnåing er ein del av tertialrapportering til politisk nivå.
- b. Eit system med sosialhjelp som lønnsstilskot. Det vil sei at istadenfor å betala sosialhjelp til passivitet så vert dei samme pengane brukt som lønnsstilskot for at dei det gjeld skal få jobb.
- c. Eit system der mottakarar av auka sosialhjelp skal påleggast aktivitetsplikt. Aktivitetsplikta skal som hovedregel vera 37,5 time pr veke, 5 dagar for veka.
- d. Etablere eit samarbeidsprosjekt mellom NAV, flyktningetenesta og barnevernet. Gjennom tett oppfølging er formålet å sikra at menneske med arbeidsevne får ordinært arbeid. På den måten vil familien sin økonomi verta betra. Evna til å ta vare på barn og til å bli ein del av samfunnet vert betydeleg forbedra.



Forslag frå Magne Djuvik, uavhengig: Landbruk

Kommunestyret ber Kommunedirektøren om kvart år å ta inn i årsmeldinga ein oversikt over kor mykje dyrka jord som er omdisponert i Kommunen siste år.

Forslag frå Magne Djuvik, uavhengig: Hellemyra bufellsskap

Brannstasjonen i Eikelandsosen skal flytta til nye lokaler i 2021. Det gamle bygget vert då ledig. Hellemyra bufellesskap ligg i bakkant av den gamle brannstasjonen. Det at brannstasjonen vert flytta gjer til at området kan nyttast av bufellesskapet. Det vert derfor sett ned ei gruppe som skal jobba fram eit forprosjekt for korleis dette området kan nyttast. Arbeidsgruppa skal bestå av representantar frå administrativt nivå, tilsettrepresentant og brukarrepresentant. Arbeidsgruppa rapporterer til Tenesteutvalet.